

# Årsmelding

Voss jeger- og fiskarlag  
2019



## **Årsmøte Voss jeger- og fiskarlag, 2019**

Årsmøtet vert halde ved Voss Rafting 13.desember, kl 18.00

### **SAKLISTE**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Val av to medlemmar til å underskriva protokollen
3. Godkjenning av innkalling til årsmøtet
4. Gjennomgang av årsmelding for siste arbeidsår
5. Gjennomgang av regnskapet for siste arbeidsår
6. Valg
7. Innkomne framlegg/saker

Årsmøte avslutta

Ymse

Middag ca 20.30

**Styret har for året 2019, vore samansatt slik:**

Leiar: Elin Dugstad Veseth

Nestleiar: Frode Hernes

Kasserar: Odd Henry Hommedal

Styremedlem: Robert Veseth

Leiar jaktutvalget: Knut H Veka

Leiar fiskeutvalget: Magnar Dale

Leiar Skytebane: Jan C Jersin

Leiar barne- og ungd.utvalg: Morten Hårklaau

Kvinnekontakt: Silje Hernes

Skrivar: Bente Fenne

## **Utvalga**

Studieiar: Ingvild Aurdal

Materialforvalter: Anders Indrelid

Leiar hundeutvalg: Håvard Lien

Leiar dognadsutvalg: Brigt Søylen

Leiar klekkeriutvalg: Egil Hauge

Leiar elgbane: Knut H Veka

Leiar leirdue: Trond Johansen

### **Utvalga elles bestående av:**

Hundeutvalg: Torbjørn Søgard, Atle Kårstad

Fiskeutvalg: Magne Sørestrand, Gunnvor Hernes

Barne/og ungd.utvalg: Gaute Klyve, Knut A Sværen

Dognadsutvalg: Jan Skorve, Ole K Akerli

Vara til styret: Trond Johansen, Rune Birkeland

Ettersynsmenn: Andre Bjerkaug, Johan H Fosseidal

Valnemnd: Magne Sørestrand, Turid Soldal

## **Betraktninger for arbeidsåret 2019 v/ leiar**

Styret i laget har vore samla til 3 styremøter, men i vår digitale verden, har dialoger også foregått via e-post, sms og telefon.

Pr. 26. november, har laget 360 medlemmar, eit medlemstall noko større enn forrige året. Vår facebookside, har over 800 medlemmer, som er over ei dobling fra i fjor! Mulig at laget har fleire potensielle medlemmar å hente her?

Dei forskjellige utvalga vil sjølve referere sine aktiviteter, men som leiar vil eg gjerne oppsummere litt om saker som kjem utanom desse.

Styret vart tidleg einige om å bruke litt meir moderne virkemiddel for å nå ut til medlemsmassen. Det kan ein sjå att t.d på facebooksidene.

Det vart meldt om eit stort behov for å utdanna fleire standplassleiarar og instruktører frå skytebanene. Det vart tidleg iverksett, og me har fått fleire nye instruktører på plass. I tillegg fekk me på plass to nye jegerprøveinstruktører, Cato Vivås og Terje Kvitne (som oppdaterte seg). Dei to har gjort ein kjempejobb, og styret takker for det. Det er allerede folk som har meldt sin interesse for neste års kurs.

Styret ynskjer takke leiar skytebane JC Jersin, og hans medarbeidere, spesielt, for formidabelt engasjement og arbeide ved og rundt Skjerve skytebane.

Kommentar til aktiviteter: som leiar ynskjer eg bringe videre at det er fleire av utvala som har vore flittige og flinke til å rapportere og informere om aktiviteter som skal skje eller har skjedd, og tenkjer då spesielt bruken facebooksidene våre. Ein har og sett effekt av å være litt flinkere til å bruke lokalavisa når aktiviteter skal foregå. Td så ein effekt av slik annonsering når det gjaldt saueaversjonskursa. Dog er her eindel å hente for utvalgsleiarane.

#### Voss jf sine eigelutar

Den gamle lista var ikkje oppdatert, og mykje av utstyret hadde ein ikkje heilt oversikt på. Frode og materialforvalter har no gjort ein flott jobb som litt detektivar, og fått på plass ei oppdatert oversikt. Det er mulig at eigendelene til laget burde ha ein fast haldeplass, slik at det var greiere for alle å finne fram til diverse utstyr. Utlånsbok, med signering inn og ut?

#### Reaksjon vedr. bygging av Evanger kraftstasjon

Styret, v/u.t, har bidratt med ett høyringsutspel vedrørende saken, sendt til miljø-og energidepartementet. Takk til Ole Kr Skorve som er den flinke med pennen her, og som engasjerer i saken.

Videre er Ole forfatter på høyringsfråsegn frå Voss jf, vedr forsvarsbygg sin søknad om skytefelt på Mjølfjell/Branseth. Det er enstemmig enighet i styret om reaksjon til dette. Den blir signert av u.t, Ole og A.H Skorve (medhjelper på den kjemiske delen i fråsegna)

Frode Hernes, bidro i forbindelse med opninga av Ekstremsportveko, på ein tilstelling på taket av sosialbygget. Her fekk han overlevert ein sjekk (sjå økonomidelen) frå sparebanken vest. Voss jf takkar så mykje for bidraget.

Voss jf har fornja avtalen som har vore med Kvilekvålsrettane til Østerbø over fleire år. Det er ikkje gjort endringar i denne avtalen.

Klekkeriet er invitert til å bidra i årsmeldinga dette året. Det er grunna at dei går ei usikker tid i møte, og en tenkjer at saka er til stor interesse også for Voss jf sine medlemmer.

U.t takker med dette for meg som leiar i laget for no, og ynskjer alle medlemmar skitt fiske, skitt jakt og godt vidare lagsarbeide!

Mvh

Elin Dugstad Veseth

Leiar



## **Årsreferat ungdomsutval**

Har vert for lite aktivitet her frå oss(meg) er for det meste opptatt med skule.

Er flytta til Norheimsund. Knut og Gaute er begge opptatt med å bygge hus

Tok ned, reparerte og satt opp igjen kråkefella. Var med å arrangere barnas fiskedag

Morten Hårklaue

## **Årsrapport Kvinnegruppa**

9/2- Isfiske

Grilla pølser og hadde kaffi på bålpanna.

Utanom arrangørane var det to oppmøtte.

31/5- Leirdueskyting

Kjekk kveld med mykje latter og morro.

Vibeke Bergersen og Irene Dyngeland kom med reklamestæsj. Ho kunne og gode gi vekk gode tips og triks til teknikkar for leirdueskyting.

Utanom arrangørane var det ingen oppmøtte.

6/7- Leirdueskyting

Ingen oppmøtte. Kan skuldast at dette arrangementet var i sommarferien.

Silje Vethe Hernes

## **ÅRSMELDING FOR SKJERVE ELG- OG LEIRDUEBANE 2019**

Starta året med å få utbedra kulefanget bak elgen, og fekk laga nytt kulefang til dei 4 faste skivene.

Åpna skytesesongen i mai. Terje Stana hadde stand på åpningsdagen den 4. mai med masse utstyr og våpen. Kjempekjekt opplegg, der ein fekk testa ut forskjellige våpen.

Doms Biltong, var der med sine gode produkt på Sør Afrikansk vis.

Merand Kaffe, stilte opp med nybrygga kaffe med god smak og aroma.

Me har hatt sponsorkyting med dei bedriftene som har ønsket det.

Friluftlinja på Sundve Ungdomsskule, var oppe og skaut på haglebanen.

Damene har hatt eigne skytedager oppe på skytebanen.

Standplassleiarar har assistert på 2 jegerprøvekurs i år.

Jaktfeltskyting har me og gjennomført.

Elg CUP den 7-8 juni i lag med NJFF Hordalang og fleire lokallag.

Totalvinner av Cupen.

Nr1. Thomas Vassdal, Åsane 452.

Nr2. Per Gisle Aarra, Fusa 435.

Nr3. Einar Bolstad, Fusa 405

Den 23. august var det lagsmesterskap i hagleskyting og løpende elg.

🏆 **Lagsmeister Jegertrap:** Trond Johansen. 2. napp i vandrepokal.

2: Knut Helge Veka

3: Jan Christian Jersin

4: Morten Hårlau

5: Jon-Tore Veka

Veteran: Geir Johansen

Damer: Turid Soldal



Lagsmeister jegertrap 2019, Trond Johansen

🏆 **Lagsmeister elgbane:** Jan Christian Jersin. 1. napp i vandrepokal.

2: Johannes Gjerstad. Har eit napp i vandrepokal.

3: Jon-Tore Veka

4: Knut Helge Veka

5: Morten Hårklaau

Damer: Turid Soldal



*Primus motor Skjervet, Jan Cristian Jersin, lagsmeister elgbane 2019*

Den 6. september gjekk **Rypepokalen** av stabelen.

15 skudd jegertrap og 5 double.

🏆 Vinner vart Geir Johansen med 22 treff. 2. napp i vandrepokal.

Vinner juniorklassen vart: Andreas Hagen.

Dameklassen: Gunvor Hernes.

Senior Morten: Hårlau.

Senior vinner: Geir Johansen.



*Vinner av Rypepokalen 2019, Geir Johansen*

### **Status haglebanen/jegertrapp:**

Den nye kastemaskina har fungert meget bra. Me har også montert opp den gamle kastemaskina slik at me får ei rein sidedue fra høgre. Veldig moro. Jobber videre med bane nr. 2, og koordinering med Voss skytterlag i forbindelse med LS2022.

### **Status elgbanen:**

**KUN** skyting med lyddemper.

Etter montering av gummihjul har elgbanen fungert bra.

Stor takk til standplassleiarane og kontrollørane på skytebanen.

### Helsing

Leirdueutvalet: Trond Johansen

Elgbaneutvalet: Knut Helge Veka

Skytebaneleiar: Jan Christian Jersin

### **Introduksjonsjakt på Mykkeltveit**

Det vart invitert til introduksjonsjakt på hjort på terrenget Mykkeltveit.

Det var oppmøte kl 8.30, og leder i jaktutvalget Knut Helge Veka, leder ungdomsutvalget, Morten Håklau, var med fra laget. Det møtte 3 jegerer utanom desse, ein med våpen og 2 utan.

Det vart gitt opplæring i postering og jaging. Det vart utført 2 forskjellige jag denne dagen, med pause og nisteeting i mellom øktene. Diverre fekk ein ikkje syn på dyr i terrenget denne dagen.



*Stemningsbilde Skjervet, frå ein av fleire aktivitetsdager*

### **Rapport dognadsutvalget**

Dognadsutvalget rapporterer at det ikkje har vore noko aktivitet i dette utvalget dette året. Dei kan fortelle at dei ikkje har hatt noko henvendelser.

Brigt Søylen

## **Rapport studieleiar**

Styret har ikkje mottatt noko rapport frå studieleiar, I. Aurdal dette året.

## **Rapport materialforvalter**

Materialforvalter har gått gjennom og oppdatert liste over eigenluter så godt det har latt seg gjere. Og det er lagt ned eindel jobb med å finne ut kvar ting befinn seg, kva er reelt å ta med videre, og kva kan avskrives.

## **Rapport klekkeriutvalet**

Her er ei lita orientering frå klekkeriutvalet, og kva me slit med.

Helgevaktene på klekeriet er i 2019 som vanleg utført på dugnad av medlemmar frå Voss jeger og fisk.

Det som er nytt når det gjelder klekeriet, er at forvaltninga og ei forskargruppe frå Norce, vil avslutta kultiveringa av Vossovassdraget, og leggja ned klekeridrifta.

Dette er det svært mange som er sterkt ueinige i. Deriblant, Stiftelsen Voss klekeri (der VJf. har 3 representantar), grunneigarlaget på lakseførande strekning, representantar frå Voss kommune, og Hordaland sjøfiskarlag.

Difor er det sett saman ei gruppe med engasjerte personar som skal prøva å snu saka, slik at me kan få halda fram med kultiveringa til trusselfaktorane for Vossolaksen er avdekka og tiltak iverksett. Utan at det skjer, er me redde for at laksen vil forsvinna frå vassdraget.

Klekkeriutvalet

# Årsmelding Hundegruppa

## Fellestrening

I år starta me med felles trening for hund. Skjerve Elg og Leirduebane fungerte som arena for denne aktiviteten fram til skytebanen åpna, då flytta me aktiviteten ned ved Voss Skytterlag sitt område. Då blei det tid til hundetrening og deretter skyting på Skjerve samme kveld.

Aktiviteten starta i desember og me holdt det gåande fram til juni, rundt 20 samlinger blei det avholdt. Det har vert frå 2-8 deltagere med desse kveldane, og ca 10 forskjellige ekvipasjer. Det har også vert med fleire typer hunderaser. Målet har vert å samle hundefolk i laget, få utveksla erfaring, trent grunndressur og sosialisert hundane. Gruppa har som mål å videreføra denne aktiviteten kommende år.



## **Temakveld**

Det blei holdt ein temakveld i hundegruppa der temaet var «Bruk av hund i hjorte- jakt». Frode Hernes som har lang erfaring med denne forma for jakt leia denne kvelden. Deltagarane fekk her med seg tips om korleis ein forbereder hunden fram mot jakta. Takk for bidraget Frode.



## **Sauseaversjon**

Det har i år blitt avholdt saueavening på totalt 21 hundar dette året. Av dette var det både medlemer og ikkje medlemer som nytta seg av tilbodet. Dei fleste hundane har gjennomgått 2 kveldar. Avenninga blei halde hjå Hermund Kvamme, Sjur Herre og hjå Elin Dugstad. Ein stor takk til dei for å stilla terreng og sau til disposisjon.

Takk også til Jan Christian, Torbjørn, Elin og Atle for god hjelp til dette arbeidet. Nytt i år var at me hadde med oss ein ekstra mann for registrering og betaling, dette gjorde arbeidet meir effektivt for oss instruktørar.



Bilde: Atle held styr på papira



Bilde: Håvard som instruktør

## **Småviltjakta i Lundarholmen sesongen 2018**

I jaktsesongen 2018 blei det solgt 30 dagskort. Desse blei solgt hjå S.Endeve Sport. Prisen på korta har vert kr 250,- + pant på kr 50,-. Det er ikkje alle som leverer inn rapport, men frå dei som gjorde det blei det rapportert inn totalt 10 felte ryper. Det er ei aukande interesse for tilbodet noko som viser at dette er eit tilbod som me må halde på.



For hundegruppa  
Håvard Lien

## Rapport fiskeutvalet

2.februar arrangerte VJFL Vossameisterskap i isfiske på Lønavatnet. Det var godt oppmøte, men fiskabetet var ikkje det heilt store.



Vossameisteren 2019, Frode Stalheim, flankert av dei beste i barneklassen

Seinare om vinteren skulle laget arrangera både fylkesmeistarskap og barnas dag på isen. Men mildveret kom, og isen blei utrygg, så det blei ikkje fleire tilskipingar på Lønaisen denne vinteren.

VJFL hadde sommarfiskedag ved Vangsvatnet 7.juli. 5 garnlekkjer vart sette ut kvelden før av Geir og Trond. Omlag 20 barn med foreldre og besteforeldre møtte opp og var med og trekte garna. 42 fiskar blei fanga og blei sløgde av borna. Det var mykje måsemakk i fisken, so her skulle noko vorte gjort.





Grilling, saft og kaffi. Ymse leikar og god stemning.

Mange av medlemmene har gjort mykje dugnagsarbeid for klekkeriet.

Helsing Magnar Dale, leiar fiskeutvalet

## Innkomne framlegg/saker

### 1. Medlemskontigent

Årsmøtet endret medlemskontigenten i 2018. Styret ynskjer ikkje endre kontigenten dette året.

### 2. Sak fra styret Voss jf

Voss jf har eindel eigendeler som ikkje har fast tilholdslass, og som har vorte oppbevart hjå medlemmar privat. T.d kan ein nemne båter. Styret ynskjer bygge ein lagerplass for utstyr, t.d ein garasje. Ein undersøker om det er mulighet for bygging av ein slik lagerplass på Skjervet skytebane. Styret ynskjer at årsmøtet tar stilling til dette.

### 3.

----- Forwarded message -----

Fra:**morten tryti <[mortentr12@gmail.com](mailto:mortentr12@gmail.com)>**

Date: fre. 29. nov. 2019, 20:11

Subject: Saker til Voss Jeger og fiskelag årsmøte 2019

To: Elin Dugstad Veseth <[elin.du.ve@gmail.com](mailto:elin.du.ve@gmail.com)>

1. Hjortejakt. Saken gjelder Voss Jeger og fiskelag sin mangel på kommunisering av jakt til sine medlemmar. Denne saken vart tatt opp i fjar på årsmøte av meg og to andre innmeldte saker og det har ikkje skjedd noko betring i år.

På årsmøtet for 2018 vart det sagt at ein skulle sette ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med å jakttilbodet til medlemmane i 2019. Eg vart førespurd om eg ynskja å vere med i arbeidsgruppa på fjorårets årsmøte, noko eg sa ja til. Eg tok kontakt med leiar i slutten av april om denne saken og andre saker. Etter å ikkje ha fått noko respons etter nesten tre veker, tok eg på nytt kontakt. Då fekk eg svar tilbake at det var ikkje var noko behov for meg i noko arbeidsgruppe no. Etter det har eg ikkje hørt noko meir om saken.

Når eg har sendt mail til jaktansvarleg har det tatt tid å få svar, svara vert kortfatta- og ein har ikkje fått svar på det ein spør om. I mangel på svar, har eg på skytetrening fått informasjon at hjortjakta var forbeholdt dugnadgruppa. Eg har spurd om kvifor ein har denne ordningen og korleis ein kjem seg inn i dugnadsgruppa. Då har eg fått i svar at det skal vere forbehold til dei som stiller opp på dugnad.

Mitt spørsmål om hjortejakta er korleis kan ein ha eit medlemstilbod som ikkje er opent for medlemmar. All tilgjengleg hjortejakt bør/må kome medlemmane til gode.

Eg har jakta ulike stader, som i Sogndal jeger og sportfiskarlag, Austlandet og fleire gonger ulike stader i Åkrafjorden og Ølen. Der har eg fått dokumenter med klare rammer og retningslinjer for gjennomføring av jakt. Sogndal jeger og sportsfiskarlag (<http://sisl.no/jaktutvalet/>) vart tatt opp som eit døme på årsmøtet i fjor. Det har eg vert medlem og hjortejakt-ordninga var rettferdig og open for alle medlemmar. Medlemmar var informert om ordninga og ledige dager var opent for alle.

På spørsmål om ein hadde skote alle løyva, visste ikkje styret det, men ein anna lokal kar visste det og eg meiner vedkommande sa det var tre dyr igjen på kvota. Når eg spurde 28.september 2018 om jakt, fekk eg tilbake at det var ikkje ledig plass på hjortejakt. I fjor fekk jaktlaget mitt ikkje hjort som gjorde at eg ynskja å få jakta meir for å få kjøtt og jakterfaring, men det fekk ein ikkje i laget her.

Ein vert matt og til slutt girde ein ikkje når ein må jobbe så mykje for å få informasjon om jakttilbod i eit jeger og fiskelag. Informasjon om jakt bør vere så enkel og sjølvforklarande at ein skal kunne lese det frå jaktdokumentet.

Informasjon på heimesida til laget for medlemmane: Det er i dag ingen informasjon om jakt, verken små- og storvilt jakt på heimesida til laget. Dette på tross at dekan har små- og storviltjakt til medlemmane.

Heile jaktdelen i Voss Jeger og fiskelag bør/må det gjerast eitt større arbeide med for å formalisere jakta og å gjere jakta tilgjengeleg for alle medlemmar.

Som betalande medlem bør ein kunne forvente meir enn det som er gjeldane angåande hjortejakt i dag.

2. Betaling 50 kroner per gong for skyting. Ynskjer at det vert tatt opp som ein sak at ein må betale 50 kroner per gong for skyting. Medlemmar får stemme over om det skal koste å skyte kvar gong. Ei løysing og mogleg alternativ kan vere å auke litt medlemsskapet.

Helsing  
Morten A. Tryti

Svar til Morten A. Tryti

## Svar pkt. 1

Saken som blir tatt opp i pkt.1, er i stor grad besvart på forrige års årsmøte.

Tryti, får svar på e-mail frå u.t 27.april, at noko arbeidsgruppe ikkje er aktuelt, anna enn det utvalget som er valgt av årsmøtet. At nokon i seine timer har diskutert dette, kan så være, men det vedkjem ikkje styret, og har heller aldri vært diskutert videre. Tryti, gjev seg ikkje, så 13.mai gjenntar eg meg sjølv, og svarer at noko arb.gruppe fortsatt ikkje er aktuelt.

Styret må sei seg einig i, og beklage, at det kan være vanskeleg å få kontakt med leder for jaktutvalget. Styret har hatt på tapetet at info om Mykkeltveit må bli meir tilgjengelig, og erkjenner at dette ikkje er tilfrestillende på plass.

Nytt styre må arbeide videre med informasjonsbiten her.

Når det gjeld småviltjakta på Holmen, var den annonsert på sidene våre på Facebook.

## Svar pkt. 2

Vedr. betaling for skytinger

U.t anser egentlig ikkje dette for noko årsmøtesak, men vel å besvare likevel.

Eit lag som Voss jeger- og fiskelag, er eit fortak som er styrt og bevart av ein god gjeng frivillige, og har Norges jeger og fiskeforbund som overordna organ. Gjennom vårt overordna organ kan me som lokallag få, eller søke om, middler/stønader til forskjellige tilstellinger og aktivitetar. Desse stønadene blir tatt frå innbetalte medlemskontingenter.

For Voss jf sin del, får laget 125 kr pr hovudmedlem (som blir noko høgre for 2020) av innbetalt medl.kont., og 50 kr av kontingenen går til Hordaland jf. Resterende går til Norges jeger og fiskeforbund.

Lokallaget må ha inntekter for å betjene banklån (Voss jf har gjort store invisteringer), drift og vedlikehold. Slik er det bare.

Det er ikkje berre dei som skyt, som må betale for sporten sin, det gjer også fiskarane, og dei som t.d driv med hund/aversjon, dressurkurs o.l

Vi skal alle vere med å dra bidra til at laget har ein sunn økonomi, og styret anser ikkje dette som ei sak som skal, eller treng stemmes over på eit årsmøte. Saken er avsluttet.

For styret Voss jeger-og fiskarlag,

Elin D Veseth, leiar